


Vedlegg 3: VTDS - Årsmelding 2024



Økonomistatus

2024 har vore eit svært krevjande år økonomisk.

Etter budsjetthandsaminga i 2023 vart det bestemt i kommunane å inkludere kommunane Seljord, Nissedal og Fyresdal inn i VTDS-samarbeidet. Dei 3 «nye» skulle gå inn økonomisk i samarbeidet siste halvår, samstundes som at kostnader med driftsavtala dei hadde med Aspitt skulle dekkast av VTDS siste halvår. Alle fakturerte kostnader som var direkte relatert til omlegging skulle dei «nye» kommunane dekke og det som var av fellesavtaler skulle dei dekke sin del av siste halvår. Desse føresetnadane var til dels krevjande for å klare å lage eit budsjett. Trass i dette så har det for Tokke, Vinje og Kviteseid sin del treft relativt godt på det som opphoveleg var lagt til budsjett for 2024.

Økonomiplantiltak

I 2024 har VTDS vore involvert i mindre tiltak for etablering av ny programvare. Det er i størst grad utført dagleg support og vedlikehald, og i mindre grad større prosjekt og omleggingar. VTDS har vore teknisk med i prosjekt på nytt fagsystem for Barnevernsamarbeidet, og vore involvert i avvikling av PPT-samarbeidet på teknisk side.

Sjukefråvær

Langtid (over 16 dagar) er 0% sjukefråvær og korttid er 2,27% . Dette er veldig lågt for eit år som aktiviteten også var svært høg totalt sett.

Årsmelding

2024 har i stor grad vore eit år med omlegging. VTDS var tidleg ute med informasjon og oppfordring til kommunane om ikkje å gjennomføre prosjekt som i stor grad involverar VTDS. Årsaka var at kommunane Seljord, Nissedal og Fyresdal skulle flytast inn i driftsmiljøet. Store delar av fyrste halvår var planlegging og tilrettelegging, og siste halvår gjekk i stor grad med til fysisk omlegging av kommunane. Generelt så har anna fokus utover omlegging vore mot datatryggleik, fornying av nødvendig utstyr i datasenteret.

Driftsmål 2024

Hovudmål var to-delt. Omlegging innanfor tidsfrist i desember for nye kommunar. Gjennomføre dagleg drift av eksisterande kommunar i samarbeidet og fokusere på

datatryggleiksarbeidet. Dette hadde stort fokus i 2023, men også gjennom 2024. Dette fokuset vil truleg halde fram både teknisk, men også administrativt i kommunane i åra framover og er å rekne som eit kontinuerleg arbeid. Målet er å ha eit høgt fokus og gjennomføre tilrådingar gjeve av nasjonale organ og samarbeide i regionalt arbeid (DigiTV).

Det å halde godt servicenivå er alltid ein subjektiv faktor. Tilbakemeldingar gjev ein indikasjon på at VTDS leverer på dette.